

# Møtebok

SAK: Ansvar for skatteinnkrevjinga- høring.

Arkivsaksnr.: 04/03555

## BEHANDLA AV:

<i>Beh.rf.</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>	<i>Utvallssak</i>	
1	Formannskapet	09.09.04	04/0128	
2	Kommunestyret	23.09.04	04/0086	773-776

Saksbehandlar: Geir Mogren

Vedlegg: Utrykte vedlegg NOU:12 "Skatteoppkrevreutvalets utredning".

## Saksutgreiing:

### Faktiske opplysningar:

Skatteoppkrevjarutvalet sin utgreiing *NOU 2004:12 Bedre skatteoppkrevning* er ved eit brev av 18/6-04 frå Finansdepartementet lagt til høyring på internett for samlege kommunar med høyringsfrist 1. oktober 2004. Staten ønskjer med dette å statleggjere all norsk skatteinnkrevjing. I dag er det dei kommunale skatteoppkrevjarane som tek seg av denne viktige samfunnsoppgåva. Stortinget har to gonger tidlegare i 1994 og i 1996 avvist å overføre denne oppgåva til staten.

Fleirtalsinnstillinga i *NOU 2004: 12 Bedre skatteoppkrevning* tilrår no at ansvaret for skatteinnkrevjinga vert overført frå kommunane til staten. Mindretallet representert av dei kommunale representantane i utvalet meiner at lokal skatteinnkrevjing under kommunalt ansvar framleis er den beste løysinga.

Den samlede organisasjonsmodellen er grunnleggjande i strid med dei prinsipp som Stortinget har vedteke for norsk skatteinnkrevjing, og modellen vil i følgje kommunerepresentantane i utvalet kunna føra til både dårlegare rettstryggleik for skattytarane og sentralisering.

Etter nesten 40 års utgreiing fastsette Stortinget dagens skatteinbetatingsordning. Ordninga, som fall på plass i perioden 1957-1965, har som bærande prinsipp at same instans ikkje både skal fastsetja skatten (gjennomføre likning) og krevja inn skatten. Stortinget har bestemt at dette prinsippet skal gjennomførast ved at dei samlede likningskontora fastsett skatten gjennom likning og dei kommunale skatteoppkrevjarkontora krev inn skatten. Den norske skatteinbetatingsordninga er basert på ei klar og eintydig arbeidsdeling mellom likningskontora og skatteoppkrevjaren. Dagens ordning er robust og effektiv. Det er dokumentert at den norske skatteinbetatingsordninga kan syna til resultat i verdklasse, med løysingsgrad på mellom 99% og 100% av utlikna skatt. Resultata kan kanskje verte endå betre og løysingane meir kostnadseffektive med nokon av forbettingsframlegga som utvalet listar opp, men det kan også skje innanfor dagens modell.

Til dømes vil effektiviseringa av skatteinnkrevjinga auka dersom skatteinnkrevjarane ville få elektronisk tilgang til å nytta staten sitt momsregister, trygderegister, valutaregister (sporing av pengestraum mellom Noreg og utlandet) og likningsregisteret over inntekts og formuesforhold. I tillegg vil det verte fordel for skatteinnkrevjinga og ha ein førebyggjande effekt dersom inkje til

utlegg vert registrert i lausøyreregisteret. Etter ordninga i dag er det berre dei med utlegg som vert registrert i lausøyreregisteret.

KS håper at alle kommunane i landet vil gje uttale gjennom politisk behandling før 1/10-04 som er fristen for å gje uttale. KS sitt syn har ikkje endra seg i høve til tidlegare. Etter råd frå KS`sentrale Rådmannsutval, fatta KS` sentralstyre 18/5 –2004 følgjande samråystes vedtak:

1. "KS mener skatteinnfordringen fortsatt må være en kommunal eller felleskommunal oppgave. Erfaringene vi har med skatteinnkreving som en kommunal oppgave er svært positive. Blant annet av hensyn til innbyggernes rettsikkerhet, skatteinnkrevingens brukervennlighet, ivaretakelse av lokaldemokratiet gjennom folkevalgt innsyn og kontroll, og ikke minst den gode løsningsgraden for inndrivelse av skattekrav, gjør at KS mener at skatteinnkrevingen fortsatt må være en kommunal oppgave."
2. Kvaliteten på skatteinnkrevingen i Norge er meget god. KS mener det finnes flere forbedringsmuligheter som kan ytterligere forbedre skatteinnkrevingen i Norge. De kan gjennomføres innenfor rammen av fortsatt kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevingen."

### Vurdering:

Rådmannen finn grunnlag for å hevde at staten sin skisserte organisasjonsmodell ikkje er god for den veletablerte skattebetalingsordninga i Noreg. Modellen kan truleg føre til at:

- Skatteoppkrevjarkontora vert redusert til statlege tvangsinnekkrevjingskontor
- Skatteinnkrevinga vert centralisert
- Redusert rettstryggleik
- Mindre brukarvenleg for innbyggjarane

Denne statlege modellen er ukjent og ein unorsk måte å drive skatteinnkreving på. Han fører til stor avstand og därleg kommunikasjon mellom skattytar og skatteoppkrevjar, og det grunnleggjande kravet om rettstryggleik for skilje mellom fastsetjing av kravet og innkreving av kravet er ikkje lenger oppfylt.

Det er uheldig å endra på organisasjonar som fungerer godt. Dagens organisering av skatteinnkrevinga, med lokale skatteoppkrevjarar i kommunal regi, fungerer særskilt godt. Å eksperimentere med nye statlege organisasjonsmodellar er ikkje modernisering av offentleg sektor, og skatteinnkrevingområdet er eit lite egna område å eksperimentere på fordi ei resultatforverring på 0,5% i innbetalte skattar utgjer mellom 1,5-2 milliardar lågare inntekter på landsbasis. Dette vil kunna føra til mindre inntektsrammer til kommunane.

Fleirtalet i utvalet sitt framlegg som gjeld organisering fører til at skatteoppkrevjarkontora vert omdanna til tvangsinnekkrevjingskontor, som berre arbeider med tvangsinnekkrevjing av skattar og avgifter. I dagens kommunale organisasjonsmodell er tvangsinnekkrevjing ei av fleire andre oppgåver. Av andre oppgåver har vi ordningar for frivillig skattebetaling, informasjonsverksemd overfor arbeidsgjevarar og skattytarar og vi har interkommunalt samarbeid om utføring av arbeidsgjevarkontroll, mao vi utfører alle skatteinnbetalingsfunksjonar. I det statlege organisasjonsforslaget vert kontora berre tvangsinnekkrevjingskontor, og det vanskeleggjer god dialog mellom skattytar og skatteoppkrevjar. Det vert også vanskeleg å ha fleksibel innkreving slik vi har i dag. Ved ei statleg organisering vil ein miste evna til å sjå ein skattytaras situasjon i samanheng og skattytarane kan verte kasteballar mellom dei ulike offentlege kontora.

Med dagens ordning har vi eit skatteoppkrevjarkontor i kvar kommune. Vi har god kommunikasjon og gode resultat. God skatteoppkrevjing er langt på veg synonymt med god kommunikasjon mellom skattytar og skatteoppkrevjar. Dersom den statlege organisasjonsmodellen som er lagt fram vert

gjennomført, får vi truleg maksimalt eit dusin store tvangsinnekkrevjingskontor. Dette fører til dårligare tilbod til næringsliv og skattytarar i distrikta, utarming av innkrevjingsmiljøa i kommunane og sentralisering av arbeidsplassar. Ein kan vise til staten sin sentralisering av likningskontora. I dag er det mange kommunar som ikkje har likningskontor og mange kommunar har fått redusert tilbod og service slik som Fusa likningskontor. Dette har ført til mindre service for skattytarane og verksemda.

Utvælet gjennomførte ei undersøking som syner at mange tilsette på dagens skatteoppkrevjarkontor også har andre oppgåver knytt til innkrevjing av kommunale krav. Over 200 kommunar svarte at skatteinnkrevjinga er ein del av eit større miljø i kommunen. Ei statleggjering av oppgåva fører til svekkja kompetanse på innkrevjingsområdet i kommunane, og Fusa er ikkje noko unntak her.

Det statlege forslaget til organisasjonsmodell er i strid med Stortinget sin føresetnad om at samme instans ikkje både skal fastsette skatten og krevje inn skatten. Dette fordi forslaget legg til grunn at fastsetjing (likning) og innkrevjing av skatten skal utførast av samme kontor. Gjennom ei slik organisering økar truleg risikoen for at omsyn som har med innkrevjing å gjere vert teke ved fastsetjing av skatten, og motsett at omsyn som har med fastsetjing å gjere vert teke under innkrevjing. Dette er som å setje bukken til å passe havreskken. Konsekvensen er redusert rettstryggleik for skattytarane.

Løysingsgraden i det norske skatteinntektsystemet er unik. Kommunale skatteoppkrevjarar klarer å krevje inn mellom 99% og 100% av all utlikna skatt. Det er dokumentert at dei små kontora har minst like høg løysingsgrad som store kontor. Rådmannen trur difor det er lite å tene på ei sentralisering av oppgåva.

I ei omfattande undersøking utført av Norsk Gallup i 2002 gir næringslivet kommunale skatteoppkrevjarkontor vesentleg betre score enn dei sentraliserte, statlege skattekontora ved målt tilgjenge, sakshandsamingstid, osv. Statleg organisasjonsmodell som no vert lagt fram vil medføre at den vert mindre brukarvenleg, fordi ei sentralisering fører til økt avstand mellom skattytar og skatteoppkrevjar.

Sjølv om statleg overtaking av kommunal skatteinnkrevjing har vore avvist av Stortinget to gonger før, kan eg ikkje sjå at det er kome til nye moment som skulle til sei eit anna resultat. Dersom skatteinnkrevjinga vert gjort statleg må kommunane framleis ha kompetanse på innkrevjing av kommunale avgifter og diverse andre tenester. Kommunane vil i tillegg få reduksjon i rammetilskot tilsvarande kommunane sine utgifter med skatten. Kommunane vil derfor ikkje få reduserte utgifter som følgje av ei evt. statleggjering og staten vil få auka utgifter. Staten vil truleg tape skatteinntekter i ein periode som vil strekke seg over fleire år på grunn av tilsetjing, opplæring og kompetanseoppbyggjing. Kommunane vil kunna risikera reduserte overføringer frå staten som føgje av evt. omlegging.

### Forslag til innstilling:

Kvinnherad kommune tilrår at skatteoppgåvene som framgår i NOU 2004:12 framleis skal vere utført av kommunane. Kommunestyret kan ikkje sjå at ei statleggjering av oppgåvene vil gje meir kostnadseffektive løysingar og betre resultat enn det kommunane oppnår i dag.

**Behandling i Formannskapet - 09.09.2004:****RØYSTING**

- Innstillinga samrøystes

**Innstilling frå Formannskapet - 09.09.2004:**

Kvinnherad kommune tilrår at skatteoppgåvene som framgår i NOU 2004:12 framleis skal vere utført av kommunane. Kommunestyret kan ikkje sjå at ei statleggjering av oppgåvene vil gje meir kostnadseffektive løysingar og betre resultat enn det kommunane oppnår i dag.

**Behandling i Kommunestyret - 23.09.2004:****RØYSTING**

- Samrøystes vedteke

**Vedtak i Kommunestyret - 23.09.2004:**

*Kvinnherad kommune tilrår at skatteoppgåvene som framgår i NOU 2004:12 framleis skal vere utført av kommunane. Kommunestyret kan ikkje sjå at ei statleggjering av oppgåvene vil gje meir kostnadseffektive løysingar og betre resultat enn det kommunane oppnår i dag.*